



Bjørn T. Barlaup og Ole Sandven hadde ein arbeidsdag med gunstige tilhøve i Uskedalen måndag. Det var fint ver og lite vatn i elva..
(Foto: Ola Matti Mathisen).

Det er framleis ein livskraftig bestand av sjøaure i Uskedalselva, men bestanden er betydeleg redusert samanlikna med tidligare og det som ein bør venta i ein normal situasjon. Og i fjor var gytebestanden nærmast halvert samanlikna med året før uten at den kunne forklarast med tilhøva under gytefiskteljingane.



Forskningsleiar Bjørn T. Barlaup passerer brua i Uskedalen på eit relativt uvanleg vis. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette går fram av rapporten om gytefiskteljingar i 18 vassdrag i Hardangerfjordsystemet frå 2004 til 2007 som Unifob Miljøforskning i Bergen har hatt ansvaret for. I Uskedalselva gjennomførte forskarane teljingar av gytefisk i 2006 og 2007 og måndag tella dei fisk her på tredje året – frå Fjellandsbøvatnet til riksvegbrua.

Forskningsleiar Bjørn T. Barlaup og forskar Ole Sandven ynsker ikkje å trekkja nokon konklusjon på sparket av denne tellinga, men viser til rapporten som kjem til våren. Dei viser heller til hovudrapporten etter tre års forskning,

Av den går det mellom anna fram at dei tella 292 gytande sjøaure i Uskedalselva i 2006 og 158 i 2007. Dei andre vassdraga som framleis synest å ha livskraftige bestandar av aure er Etneelva, Granvinsvassdraget, Steinsdalselva og Omvikedalselva. I andre vassdrag, som Hattebergsvassdraget, Austrepollenelva og Bondhuselva er bestandane av sjøaure marginale med gytebestandar beståande berre av nokre titalls fisk.

Når det gjeld laksen, heiser forskarane eit generelt svært alvorleg varselsflagg. Dei slår fast at bestandssituasjonen er kritisk, særleg i dei indre fjordområda og då i dei tidlegare viktige laksevassdraga Eio/Bjoreio og Opo.

I Uskedalselva tella forskarane 146 villaks i 2006 og berre 47 i fjor medan dei såg 13 rømte oppdrettslaksar begge år. Men dei gjer det klart at talet på villaks truleg er overestimert medan talet på oppdrettslaks er tilsvarande underestimert fordi oppdrettslaksen er bestemt utifrå bestemte kjenneteikn under dykkinga.

Under "telleturen" måndag observerte dei to forskarane gytelaks så høgt oppe som mellom Øvre Musland og Fjellandsbøvatnet og det synest oppsynsmann Arne Terje Haugland det er grunn til å merka seg.

Forskarane nemner spesielt at dei såg urovekkjande mange regnbogeaure.

- Den vil vi ikkje ha i naturen vår, den høyrer ikkje heime her, seier Barlaup.

Bergen-forskarana teller gytefisk i meir enn 20 elvar dette året. Tre lag er på rundreise og dei er to på kvart lag.

Resultatet av tellinga er med og dannar grunnlaget for dei tiltaka som skal til for å berga villaks-stamma. Innblandinga av oppvekstlaks er den største trusselen og forskarane er som før klare med adressen sin: Oppdrettsnæringa må ta denne oppgåva alvorlegare.

Av Ola Matti Mathisen